

## ***Freds og rettferds-mannakorn***

Sæle dei audmjuke,  
dei skal arva jorda.

*Matteus 5,9*

Fred etterlèt eg dykk, min fred gjev  
eg dykk. Eg gjev dykk ikkje fred på  
same måten som verda gjer det. Lat  
ikkje hjartet dykkar uroast, og ver  
ikkje motlause!

*Johannes 14,27*

Lat oss difor streva etter det som  
fører til fred og til oppbygging oss  
imellom!

*Romanarane 14,19*

Men Andens frukt er kjærleik, glede,  
fred, tolmod, mildskap, godleik,  
truskap

*Galatarane 5,22*

Og han kom og forkynte den gode  
bodskapen om fred for dykk som var  
langt borte, og fred for dei som var  
nær.

*Efesarane 2,17*

Eg vil høyra kva Gud Herren seier.  
For han talar fred til sitt folk.

*Salme 85, 9a*

Herren lyfte sitt andlet mot deg  
og gje deg fred!

*4. Mosebok 6, 26*

Sæle dei som hungrar og tørstar  
etter rettferda,  
dei skal bli metta.

*Matteus 5,6*

Nei, elska fiendane dykkar, gjer vel  
og lån bort utan å venta noko att.  
Då skal løna dykkar vera stor, og de  
skal vera born av Den høgste. For  
han er god mot dei utakksame og  
vonde.

*Lukas 6, 35*

For eg veit kva tankar eg har med  
dykk, seier Herren, fredstankar og  
ikkje ulukketankar. Eg vil gje dykk  
framtid og von.

*Jeremia 29, 11*

